

**Mørklegging i seks nattetimar****14.01.2009**

Gatelyset forsvinn i seks timer om natta også i Uskedalen dette året. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Nærast heile kommunen og sjølvsagt då også Uskedalen, er mørklagd ut året frå midnatt til klokka seks om morgonen. Slik vil det vera ut året, melder Kvinnheringen.**

Nettsjef Gerhard Myklebust i Kvinnherad Energi opplyser til uskedalen.no at mørklegginga også gjeld riksvegen. Det er altså ikkje slik, som einskilde kanskje trur, at staten betalar for lyset langs denne.

Mørklegginga er ein konsekvens av at kommunestyret under budsjetthandsaminga vedtok å spara 400.000 kroner ved å sløkkja gatelys.

Husnes er det einaste unnataket. Der sløkkjer kommunen gatelysa mellom klokka to og seks. Enno har ikkje KE rekna ekakt på kor mykje sparinga vil utgjera i pengar, men han trur det vil koma opp i undt 400.000.

Lensmann Sigurd Børve seier at sløkkjinga ikkje vil skapa problem for trafikktryggleiken på vanlege kveldar . Det er lite bilar og folk ute så sent på natta. Det er einaste i helgene det kan bli problem. Og ferdast ein langs vegen utan refleks bør ein vera meir varsam, seier lensmannen.

Av Ola Matti Mathisen